



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Boknatun - møterom 1. etg.
Dato: 24.03.2026
Tid: Kl. 16:30

Følgande medlemmer møtte Parti

Rannveig F. Øvrebø	AP
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Egil Magne Våge	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Rakel Alvestad	AP	Odd Kenneth Tollaksen	Uavh.
Lene Ognøy Foss	H	Per Helge Sunde	H

Vara innkalla/møtte til habilitetssaka:

Vilhelm Martin Våge	SP
Amalie Våga	SP
Ida Schmeichler Grønnestad	Sp

Ugilde: - sak 031/26 og drøfting av høyringssak E-39

Egil Magne Våge	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP
Amalie Våga	SP

Andre som møtte

Bjørn Løvland
Ingeborg Skjølingstad
Michael Gräfe

Stilling

Rådgjevar plan og bygg
Kommunedirektør
Kommunalsjef teknisk

Merknader til innkallinga: ingen

Merknader til sakslista: ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: ingen – protokoll godkjennes i neste møte.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
027/26	Godkjenning av innkalling
028/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
029/26	Samlesak for drøftinger
029/26.1	Saker til drøfting/orientering i ekstraordinært Formannskapsmøte 24.03.2026
029/26.2	Bokn kommune sine merknader i høyringsrunden E39 - til drøfting
030/26	Eventuelt og spørsmål
031/26	Habilitetsvurderingar E-39 - formannskapet

027/26 Godkjenning av innkalling

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 027/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

028/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

Ingen protokoll klar til godkjenning og ingen valde til å signere protokollen

FS - 028/26 Vedtak

Utgår - protokollen blir godkjent i neste møte 9. april 2026.

029/26 Samlesak for drøftinger

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

Ordførar opna møtet. Han ber om å få sin habilitet vurdert av formannskapet. Sjå politisk sak til møte - 031/26 "Habilitetsvurderingar E39 formannskapet"

FS - 029/26 Vedtak

Ref. vedtak i sak 031/26 "Habilietsvurderingar E39 - formannskapet.

029/26.1 Saker til drøfting/orientering i ekstraordinært Formannskapsmøte 24.03.2026

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

Møteleiar synes det er viktig at ein kan samlast om eit vedtak og ein løysning. Det som er lagt fram frå kommunedirektøren nå er ein kombinasjon av traseane.

Kommunedirektøren fekk ordet og redgjorde for kven som sit inne med kompetanse i det arbeidet som er gjort. Her er kommunelege, landbruksrådgjevar og landbruksleiar, Bjørn Løvland og Kommunedirektør representert. Kommunelege har gitt ein uttale på folkehelse som er kopiert og utlevert idag. Videre har leiar for landbruk gitt sin uttale basert på landbrukshensyn.

Bjørn Løvland redgjorde for det arbeidet som er gjort frå administrasjonen si sia. Arbeidet vidare er få innspel på det dokumentet som er laga for å lage ein formell sak til formannskapet. Han redegjorde også for at det her er valgt ein kombinasjon av begge traseane. Og det beste vil vere at ein samlast om det alternativ som er omforeint.

FS - 029/26.1 Vedtak

-

029/26.2 Bokn kommune sine merknader i høyringsrunden E39 - til drøfting

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

Bjørn Løvland frå administrasjonen gjekk gjennom forslaget pkt. for pkt. Kommunelækjaren har laga innspill for folkehelse som er kopiert opp og lagt fram for formannskapet. Det var enigheit om at denne uttalen må innarbeidast i uttaledokumentet utarbeid frå administrasjonen.

Det blei stilt bl.anna følgjande spørsmål:

- kan ein komme med fleire forslag til dømes tunnell?
- kor møykje kan ein endre - prosjektleiar i SVV uttalte at derom ein kom med fleire forslag til trasear vil desse bli forkasta
- kva vil det bety for prosessen å komme med ei løysing som ikkje er utreda ennå, tenker her på prosessen tidsmessig og kva som vil skje da.

Administrasjonen informerte om at tunnell er kostnadmessig møykje dyrare enn veg. Videre er dette ein kommunal plan og ein må halde fast ved det i den grad at her er det kommunen som skal ha påvirkning.

Kommunedirektøren informerte om at dette er ei høyringsuttale og ein tapar ikkje på å gje ei høyring der kommunen kjem med forslag som ein synes er best for kommunen.

Det blei uttalt at ein ikkje får noko utan og krevje noko. Odd Kenneth Tollaksen meiner vi bør kunne krevje kombinasjon av traseane akkurat som andre kommunar har gjort.

Ida Schmeichler Grønnestad stilte spørsmålet om kvifor ikkje få utreda tunnell når ein vil krevje å få kombinert dei 2 traseane.

Framdrifta blei diskutert - Svein ove Alvestad tenker at neste formannskapsmøte er 9. april der uttalen skal opp, Kommunestyret er varsla til 14. april og frist for høyringsuttalen er 16.

april. Saksdokumenter og innkalling til neste formannskapsmøte må ut før påske. Det skal også avholdast gruppemøter. Rannveig foss Øvrebø ser for seg 7. og 8. april som datoar for gruppemøter og gruppeleiar møte.

FS - 029/26.2 Vedtak

Det var enighet om at administrasjonen sender ut innkalling og forslag til høringsuttale før påske og at partia kjem med sine forslag under behandling av saka i formannskapsmøte 9. april 2026.

030/26 Eventuelt og spørsmål

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 030/26 Vedtak

Ingen saker til eventuelt.

031/26 Habilitetsvurderingar E-39 - formannskapet

24.03.2026 Formannskapet

Behandling

Ved kommande poltiske behandlingar av Høringsuttale - E39 Bokn - Bømlafjorden - Kommunedelplan avgjør formannskapet fyrst habiliteten til dei representantane som har bedt om å få sin habilitet vurdert etter forvaltningsloven § 6 1. og 2. ledd.

Alle medlemmer og varamedlemmer i formannskapet har i forkant eigenvurdert sin habilitet og levert inn eigenvurderingsskjema på dette.

Habilitet:

Følgande faste medlemmer bad om å få sin habilitet vurdert :

Egil Magne Våge (Sp).

Svein Ove Alvestad (H) bad om å få Osmund Våga (Sp) sin habilitet vurdert da han er eigar av eignedom som blir berørt av planen.

Osmund Våga (Sp) bad om å få Svein Ove Alvestad (H) og Rannveig Foss Øvrebø (Ap) sin habilitet vurdert.

Innkalla varamedlem:

Vilhelm Martin Våga Sp - 2. varamedlem til formannskapet

Amalie Våga Sp - 3. varamedlem til formannskapet

Ida Schmeichler Grønnestad Sp - 4 varamedlem til formannskapet.

Grunngjeving:

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) har ein partikollega som eig eiendom som blir ber av planen.

Svein Ove Alvestad (H) har onkel og søskenbar i omsynsone alt. 1 (utsikt og støy)

Egil Magne Våge (Sp) har svigerinne som eig eiendom som blir berørt av planen.

Osmund Våga (Sp) - eig fast eignedom som blir berørt av planen.

Vilhelm Martin Våge (Sp) - eig eignedom som blir berørt av planen - alt. 2

Amalie Våga (Sp) - far eig eiendom som blir berørt av planen, leiger same jord som landbruksjord

Ida Schmeichler Grønnestad (Sp) - sit i styre i Sau og Geit og i bondelaget der organisasjonane har gitt høyringsuttale + har nære vener som blir berørt av planen.

Ved avgjørelse av habilitetsspørsmålet fant formannskapet at forvaltningsloven § 8, 2. ledd får virkning. Dette grunna at alle dei som skal vurderes må fratre møte - her er det 4 som ber seg vurdert - Osmund, Egil, Svein Ove og Rannveig. Da er det 3 gjenværende. Varamedlem Vilhelm, Amalie og Ida (Sp) har også bedt seg vurdert.

Alle blir sittande etter § 8 da formannskapet i utgangspunktet ikkje er vedtaksføre med kun 3 sittande medlemmer.

Kommunedirektør informerte at sidan formannskapet nå har sagt seg habile til å avgjere saka om habilitet etter forvaltningslovens § 8, må da formannskapet sitte å jobbe seg gjennom dei linjene som skal trekkast i denne saka.

Linjer som blei trukket i habilitetsspørsmålet er at dei som har mottatt brev frå SVV er inhabil. Videre gjeld forvaltningslovens § 6 fullt ut. Det blei også diskutert om styreverv i Bokn Sau og geit og i bondelaget medfører inhabilitet.

Avstemming innhabilitet:

Formannskapet fant fyrst Rannveig Foss Øvrebø (Ap) som habil i saka..

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) som varaordfører trådde til som møteleiar.

Egil Magne Våge (Sp) blei funnen inhabil jf. forvaltningsloven § 6, 1 avsnitt bokstav b - han fratrådde møte.

Svein Ove Alvestad (H) blei funnen habil og blir sittande.

Osmund Våga (SP) blei funnen inhabil jf. forvaltningsloven § 6, 1. avsnitt bokstav a - han fratrådde møte.

Vilhelm Martin Våge (Sp) -innkalla varamedlem for Egil Magne Våge - blei funnen inhabil jf. forvaltningsloven § 6, 1. avsnitt bokstav a - han fratrådde møte.

Amalie Våga (SP) - innkalla varamedlem nr. 2 for Egil Magne Våge - blei funnen inhabil jf. forvaltningsloven § 6, 1. avsnitt bokstav b - hun fratrådde møte.

Ida Schmeichler Grønnestad (Sp)- innkalla varamedlem nr. 3 for Egil Magne Våge - blei funnen habil og tiltrådde møte.

For Osmund Våga (Sp) er det ikkje innkalla vara då varamannslista til formannskapet er brukt opp.. Habile medlemmer til drøfting av saka "Bokn kommune sine merknader i høyringsunden E-39" er følgjande:

- Rannveig Foss Øvrebø (Ap)- varaordfører og møteleiar.
- Per Helge Sunde (H) - habil
- Svein Oe Alvestad (H) - habil
- Sigmund Alvestad (KrF) - habil
- Odd Kenneth Tollaksen (uavh) - habil
- Ida Schmeichler Grønnestad (Sp)- habil.

6 voterande til formannskapsmøte 24.03.2026.

FS - 031/26 Vedtak

Formannskapet vedtok følgjande :

Habile medlemmer til drøfting av saka "Bokn kommune sine merknader i høyringsunden E-39" er i dette møte:

- Rannveig Foss Øvrebø (Ap)- varaordfører og møteleiar.
- Per Helge Sunde (H) - habil
- Svein Oe Alvestad (H) - habil

- Sigmund Alvestad (KrF) - habil
- Odd Kenneth Tollaksen (uavh) - habil
- Ida Schmeichler Grønnestad (Sp)- habil.